

## Oppstartsdagane for PPU heiltid

Oppstartsdagane markerer starten på studiet for PPU heiltid.

Måla med oppstartsdagane er at studenten skal få erfaring med ulike undervisningsmetodar, bli bevisst rolla si i samarbeid med andre og bidra til å utvikle identiteten sin som lærar. Vidare er hensikta å opprette gode læringsmiljø og bygge relasjonar mellom studentane og mellom lærarane og studentgruppa. Det faglege innhaldet i oppstartsdagane er forankra i læringsmåla til studiet. Det er viktig å delta på oppstartsdagane for å nå desse måla.

Oppstartsdagane går over tre dagar. Godkjend deltaking er ein obligatorisk aktivitet knytt til alle emna i PPU. Det gis fortrinnsvis fritak berre i tilfelle der du sjølv ikkje rår over tidspunktet for oppmøtet, som til dømes ved utsett eksamen, akutt sjukdom, militærtjeneste eller andre vektige grunnar.

### Om fritak

Du kan få fritak etter *grunnlagt søknad* til Institutt for lærerutdanning. Dersom du får fritak for meir enn ein dag, må du gjere eit alternativt arbeidskrav som erstatning for oppstartsdagane.

Du må legge ved original eller kopi av dokumentasjon frå tredjepart (lege, politi eller ei anna offentleg myndigheit) som stadfestar grunnlaget ditt for å søke fritak frå obligatorisk oppmøte. Dokumentasjonen kan til dømes vere ein legeattest eller ei stadfesting på eksamen.

Lever eller send søknad med dokumentasjon til Institutt for lærerutdanning

- seinast innan 1. august ved planlagt fråvær
- seinast innan 20. august ved akutte fråvær

Søknaden kan du

- anten levere i ekspedisjonen hjå/legge i postkassa ved ekspedisjonen til Institutt for lærerutdanning, campus Kalvskinnet, Sverres gate 12.
- eller sende i posten til: NTNU, Institutt for lærerutdanning, 7491 Trondheim.

## SØKNAD OM FRITAK FRÅ OPPSTARTSDAGANE PÅ GRUNNLAG AV SÆRSKILD ÅRSAK

Ver vennleg å bruke blokkbokstavar dersom du fyller ut skjemaet for hand!

Namn	
Fødselsdato	
Adresse	
Telefonnummer	
E-post	

Fråvær (dato)	
Årsak	

Dokumentasjon frå tredjepart må ligge ved søknaden.

.....  
**Stad og dato**

.....  
**Underskrift**

Lever søknaden til instituttet eller send han i posten til NTNU, Institutt for lærarutdanning, 7491 Trondheim.